



Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar: Ref.:IXV5GB-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/5905 - 22/60959

Saksbehandlar:
Bente Førland
bente.forland@alver.kommune.no

Dato:
11.08.2022

Godkjend røyrleggjarmelding for gbnr 311/21 Tveiten øvre

Me viser til røyrleggjarmelding motteke 04.08.2022 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart)og tinglyste erklæringar.

Adresse byggeplass: Vestbygdvegen 285
Type bygg: Eksisterande fritidsbustad
Type arbeid: Tilknytning til offentleg vatn og avlaup

Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknytning, kap.2.1. Adm.bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkja dette før oppstart.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Søknadsplikt etter plan og bygningslova: Tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

Endring av tilknytning til kommunalt vatn/avløp

Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal omsøkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Bente Førland
Fagansvarleg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG